



N G I B
Brannførebyggjande avdeling
5914 ISDALSTØ
 TELEFON 56 37 50 00
 TELEFAKS 56 37 51 09

Arkiv: 2014
 Saksmappe: 15
 Sakshandsamar: Ole Johan Ingebrigtsen
 Dato: 20.03.2014

Manger Velferdssenter
 v/Anne Brattetaule
 5936 Manger

TILSYNSRAPPORT

Manger Velferdssenter

I medhald av "Brann og eksplosjonsvernloven" av 14.06.2002, § 13, med tilhøyrande "forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn" av 26.06.2002, (Førebyggandeforskrifta, FOBTOT) samt "Forskrift om systematisk Helse, Miljø og Sikkerhetsarbeid i virksomheter" (HMS-forskrifta) av 01.01.1997, vart det utført tilsyn ved:

Objekt	Type objekt	Objekt id	Gnr/bnr
Manger Velferdssenter	A20	48	45/1

Adresse	Postnummer	Stad
Idrettsvegen 2	5936	Manger

Eigar	Førre tilsyn	Dato gjennomført tilsyn
Radøy kommune v/ Eigedomsavd.	22.05.2012	12.03.2014

For objektet/verksemda møtte:
 Brannvernleiar: Anne Brattetaule
 Eigar:
 Verksemde: Johnny Brattetaule

Frå tilsynsmyndighet møtte:
 Branninspektør: Ole Johan Ingebrigtsen
 Branninspektør:

Innleiing
 Formålet med tilsynet er å vurdere om eigar og verksemda arbeider systematisk med branngryggleiken. Det vert lagt vekt på områder som er omtala i Internkontrollforskrifta § 5 og Førebyggjande forskrifter kap. 2 og 3. Formålet er også å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.

TILBAKEMELDING

Det skal gjevast tilbakemelding på denne rapporten innan 1 månad etter at den er motteken. Sjå siste del av rapporten.

Brannvernleiar sender kopi til eigar, brukarar og verneombod

Vurdering og merknader til tryggleiken ved Manger Velferdssenter:

Generelt

Det organisatoriske brannførebyggjande arbeidet fungerar framleis godt ved Manger Velferdssenter. Samarbeidet mellom velferdssenteret og omsorgsbustadane fungerar godt.

Dokumentasjon av bygget

Det vart ikkje framlagt dokumentasjon på bygget. Det er framleis nokon løysningar i bygget som NGIB har stilt spørsmål ved tidligare. Dette gjelder bl.a bredde, slagretning og brannklassar på dører i rømmingsveg.

Det er vorte installert ny branntavle i omsorgsbustadane.

Ettersyn og vedlikehald

Vert gjennomført og dokumentert.

Øving og opplæring

Det har vore gjennomført øving og opplæring.

Instruksar og planar

Informasjon som vert gitt til leigetakarar i omsorgsboligane bør innehalde informasjon om korleis rutinane er ved brann.

HMS systemet

Fungerar godt og vert oppgradert.

DEFINISJONAR

Avvik:	Å overtre krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.
Avvik frå:	Heimel i brann og eksplosjonsvern lova, førebyggjande forskrifa og HMS-forskrifta.
Kommentar:	Utfyllande opplysningar om avvik eller opplysningar som kan vera nyttig for mottakar.
Merknad:	Eit forhold tilsynsetaten meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta Helse, Miljø og Tryggleik, som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

OBJEKTET HAR AVVIK SOM KAN GJE VARSEL OM PÅLEGG

Punkta under er peika på i tidlegare tilsynsrapport, og skal særskild skrivast om i tilbakemeldinga.

Dersom punkta ikkje vert retta innan 3 md. frå dato på denne rapporten, vil Brannsjefen vurdere pålegg eller andre tiltak i samsvar med ”lov om brannvern” § 37-40, samt § 42.

Brannvernet kjem til å følgje opp denne saka med kontroll av tilhøva innan 6 md.. Desse punkta er:

Avvik 1 Krava til brannteknisk utforming og utstyr i bygget er ikkje oppfylt

Avvik 1: Krava til brannteknisk utforming og utstyr i bygget er ikkje oppfylt

...

Avvik frå: Førebyggjande forskrifter § 2-1.

Kommentar:

Bygget er ikkje bygd i samsvar med føresetnadane for bygget:

- Branncellebegrensande dørar er ikkje tilfredsstillande: Dette gjelder dørar i rømningsveg i omsorgsbustadane som har utgang under rømningstrappen frå 2 etg. Desse dørane meiner NGIB skal ha brannklasse for å tilfredstille krava i TEK 97 §7-27 punkt 4 , andre avsnitt.
- Det er feil ved rømmingsveg: Det er nokon rømningsdørar på velferdssenteret som ikkje held krava både til bredde og låsmekanismar. Dette gjelder terassedørane i enden av korridorane på kvar avdeling. TEK 97 §7-27, punkt 4, femte avsnitt.
- Dørar i rømmingsveg frå korridorane til trapperom i omsorgsbustader slår feil veg i forhold til rømningsretningen. TEK 97 §7-27, punkt 4, femte avsnitt.

KRAV OM YTTERLEGARE SIKRINGSTILTAK OG BEREDSKAP Brannvernlova § 14
Tilsynet avdekte ikkje forhold som krev ytterlegare tryggingstiltak eller beredskap utover kva som er angitt i Førebyggjandeforskrifta Kap 2, 3 og 4 jamfør brannvernlova § 14.

OPPSUMMERING

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik gjennomgått. Ein vart einig om at eigar og brukar finn løysingar for å utbetre dei feil og manglar som er gjeve i rapporten, og held vedlike rutinar i samsvar med Førebyggjandeforskrifta og HMS-forskrifta.

Dersom det er avvik eller kommentarar i rapporten som De ikkje finn i samsvar med tilstanden i bygget eller verksemda er, ber vi dykk om å skrive dette i tilbakemeldinga. Treng De råd eller hjelp, ta kontakt med NGIB førebyggjande avdeling på Telefon 56 37 50 00. For meir informasjon om tilsynet eller avvika som er peika på, sjå rettleiinga til ”Forskrift om forebyggende tiltak og tilsyn”, (www.dsbs.no)

Vidare gjer ein merksam på at dette branntilsynet ikkje er ein fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil og manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar av brannobjektet si plikt å syte for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann. Jf FOBTOT §2-1.


TILBAKEMELDING

I samsvar med ”Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn”, § 6-2, ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding (ein handlingsplan!) innan 1 md. etter at rapporten er motteke. Handlingsplanen skal innehalde opplysningar om korleis og når avvika vil bli retta, samt kven som er ansvarleg for gjennomføringa.

Tilbakemeldinga skal sendast:
NGIB Førebyggjande avdeling
Dokumentsenteret,
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Neste tilsyn vert gjennomført i 2015

Med førebyggjande helsing


Brannsjef
i
Radøy kommune

Rolf-Henning Myrmæl


Nordhordland og Gulen interkommunale
brannførebyggjande avdeling
N G I B

Ole Johan Ingebrigtsen